

Hole Vvs AS
Hella 98
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar: Ref.:H8RA6E-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/67 - 22/3127

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
12.01.2022

Mellombels svar røyrleggjarmelding - gbnr 137/806 Alver

Tiltak: Tilknyting kommunalt vatn og avløp
Byggjestad: Galteråsen 13 – GBNR 137/806
Tiltakshavar: Helland Gruppen Næringsbygg AS
Ansvarleg søker: Hole VVS AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situsjonsplan som er vedlagt søknad er ikkje ihht det som vart avtalt med avdelingsleiar, vatn og avløp.

Kvar seksjon skal, ihht til avtalen, ha tilknytingspunkt til kommunalt vatn og avløp i kommunalkum. Det betyr at det frå kommunal vass- og avløps kum skal gå 1stk vassleidning og 1 stk avløpsleidning til kvar seksjon. Det er også krav om at kvar seksjon har eigen vassmålar (kommunal eigmålar).

Leindingar som ikkje skal knyttast på kommunalt leidningsnett no, skal ihht avtalen, ikkje fysisk knyttast på i kum. Etter avtale skal det berre leggast til rette for tilknyting. Dersom seksjon(er) skal knyttast på no, skal dette visast på situasjonsplanen. For seksjon(ane), som evt. skal knytte seg på no, skal det sendast inn bunnleidningsplan.

2. På snitteikning levert i byggesaka, kan det sjå ut som at kvar seksjon skal ha 2 etasjer. For å kunne fastsette rett tilknytingsgebyr må det sendast inn planteikning for kvar etasje. På tegningane skal det vært påført informasjon om kva etasje teikninga gjeld. Teikninga skal vise rominndeling og alle rom skal være måsett i m².

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Oppgitt feilt GBNR i søknad:

Vi gjer merksam på at søknad er sendt inn på feilt gards og bruksnummer. I søknad er det opplyst om at søknaden gjeld gbnr 137/896. Rett gards og bruksnummer er gbnr 137/806. Normalt vert søknad sendt i retur men vi har, i dette tilfellet, retta opp feilen manuelt for å få sendt ut mangelbrev på rett gards og bruksnummer.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.01.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hole Vvs AS

Hella 98

5936

MANGER